



RYFYLKE IKS

Innkalling til møte 3 i ungdomsstyret i Ryfylke

Tid: Fredag 21. mars 2025 kl. 16:00-18:30

Stad: Fiskepiren konsertscene

**Innkallinga går
til:**

Ingrid Fatnes, rep. Sauda kommune
Eivind Hustveit, rep. Sauda
Johanne Klungtveit Næsje, rep. Suldal kommune
Arin Eiriksønn, rep. Suldal
Joel Nag, rep. Strand kommune
Anne Bratthammer, rep. Strand
Tiril Espedal, rep. Sandnes kommune
Peder Krokedal, rep. Hjelmeland kommune
Elise Svæven Oaland, rep. Hjelmeland
Martine Hocking, vara Sandnes kommune
Maja Kristin Janson Jordal, vara Sauda
Johan Kilane, vara Suldal kommune
Nora Østerbø, vara Suldal
Malene Hatteland, vara Strand kommune
Gabriel Havrevold, vara Strand
Brede Krogedal, vara Sandnes kommune
Marte Hovda, vara Hjelmeland kommune
Øyvind Opdahl Viga, vara Hjelmeland

RYFYLKE

Ein attraktiv region der
folk vil bu og arbeide



Saksliste

Sak 07/25	Godkjenning innkalling og møtebok frå møte 13.02.25	2
Sak 08/25	Marknadsføring Ryrekrutt	2
Sak 09/25	Status Heilt Heim	2
Sak 10/25	Arbeidsfordeling Ryrekrutt	2

Sak 07/25 Godkjenning innkalling og møtebok frå møte 13.02.25

Møteboka frå møtet 13.02.25 ligg ved.

Sak 08/25 Marknadsføring Ryrekrutt

Det er stor aktivitet på marknadsføring gjennom aviser og sosiale medium. No er me inne i siste innsjutt for å nå ut. Administrasjonen vil presentere kva som er gjort kva som gjenstår. Eksempel på oppgåver styret kan bidra med:

- Ta kontakt med lokalavis.
- «Take over» på Instagram før og under Ryrekrutt

Det kjem marknadsføringsbyrå til møtet som vil lage innhald til some (bilete/video) og det er ønskeleg at styret er med og bidrar.

Sak 09/25 Status Heilt Heim

Kakadu har gjennomført intervju med representantar frå ungdomsstyret og har utvikla ein prototype. Denne blir no vidareutvikla i samarbeid med administrasjonen.

Sak 10/25 Arbeidsfordeling Ryrekrutt

Under møtet vil det bli utdelt ein eigen køyreplan og detaljar om dei ulike arbeidsoppgåvene for ungdomsstyret under Ryrekrutt 15.april. Administrasjonen vil

fordele arbeidsoppgåver i samarbeid med styret slik at alle kjenner seg komfortable med rolla si.

Førebels har me desse oppgåvene:

- Ungdomsstyret har eget stand-område:
 - Stand 1: Trainee-ordning. Dei som står her må vera oppdatert om kva det er og kva dette kan bli. Det er to målgrupper (ungdom og nysgjerrige arbeidsgjevarar)
 - Stand 2: Heilt Heim. Dei som skal stå her må vera oppdatert på prosessen med Kakadu og ideen bak konseptet.
- Vertskap
- Hotellskranke
- Sjekke adgangskort

Meir informasjon om det ulike oppgåvene vil bli gitt på møtet. Me vil ha innspel til konkurransar, snacks, utforming av stand.

Utforming av T-skjorter.

Me ønsker innspel til utforming av t-skjorter.



Ungdomsstyret i Ryfylke

Ungdomsstyret består av medlemmar frå alle kommunane i Ryfylke. Styret skal vera ein viktig pådrivar for å auka deltaking av unge i utviklinga av Ryfylke-regionen. Dette inkluderer å bidra til å byggja gode møtestader og å styrkja Ryfylke sin posisjon som ein attraktiv plass å bu og arbeide for ungdom.